



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 15.03.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø, PS 53/16	Odd Harald Sundal	MDG
Arild Iversen	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Malvin Kile	Leiar – anlegg og drift, OS 39/16
Regine Solberg Aklestad	Planleggar, PS 46/16
Heidi Istad	Planleggar, PS 45/16
Per Ernst Lundberg	Rådgevar, OS 47/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 43/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 44/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 39/16	Trafikksituasjonar Gamlevegen
PS 46/16	Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Volda kommune sitt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel
PS 53/16	STYRK arbeid - ny bil
PS 45/16	Planid 2012007- Detaljregulering- B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne
PS 47/16	Lerkane - Godkjenning av avtale
PS 48/16	Gbr 20/89 - kjøp av tilleggsareal til gbr 20/82
PS 49/16	Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2015
PS 50/16	Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar 2015
PS 51/16	VTI fotball- Samanslåing av 2 garantiar
PS 52/16	Klage på vedtak - avslag om fritak frå eigedomsskatt, Studentsamskipnaden
PS 54/16	Finansrapport 2015 (passiva)
PS 55/16	Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar
PS 57/16	Prioritering av investeringsmidlar til ny gravemaskin til vatn og avløps arbeid
PS 56/16	Orienteringssaker
OS 32/16	Kommunereform
OS 33/16	Krav om betre reservemateriell på strekninga Volda-Folkestad
OS 42/16	Busetjing av einsleg mindreårig flyktning

- OS 34/16 **Pressemelding arbeidsmarknaden februar 2016**
- OS 35/16 **Presentasjon frå KomUt-samling - samhandlingsreform og pasientjournalssystem**
- OS 36/16 **Oversending av signert fullmakt knytta til nytt felles pasientjournalssystem mellom sjukehus, kommunar og fastlegar**
- OS 37/16 **Kulturtilskot 2016 - treårig driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar og -institusjonar - Dei Nynorske Festspela**
- OS 38/16 **Tilskot til veg, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg saman**
- OS 40/16 **Mork skule – inneklima**
- OS 41/16 **Stedfortreder for rådmannen**
- OS 43/16 **Rassikring Fv 40 Lauvstad-Folkestad**
- OS 44/16 **Invitasjon frå Eid kommune**
- OS 45/16 **Parkering ved høgskulen og sjukehuset**
- OS 46/16 **Venterom ved ferjekaia på Folkestad**
- OS 47/16 **Notat om eventuelt makebyte, gbr 19/937**

PS 43/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

OS 47/16 Notat om eventuelt makebyte, gbr 19/937 er unnateke offentlegheit, jf. offl. § 23, 1. ledd. Notatet vart sendt til formannskapsmedlemene per post.

Dokument utsendt 14.03.16:

PS 57/16 Prioritering av investeringsmidlar til ny gravemaskin til vatn og avløpsarbeid
PS 46/16 Planid 2012007 – Detaljregulering – B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne –
 endring i administrasjonen si tilrådinga

Sakliste:

Rådmannen kom med framlegg om å sette følgjande saker på saklista:

- Stedfortreder for rådmannen
- Busetjing av einsleg mindreårig flyktning
- Mork skule
- Gamlevegen

Arild Iversen kom med framlegg om å sette fv. 40 Dalsfjorden på saklista.

Margrete Bjerkvik bad om ei orientering om invitasjon til formannskapet frå Eid kommune.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å sette venterom ved Folkestad ferjekai på saklista.

Gunnar Strøm kom med framlegg om å sette parkering ved sjukehuset og høgskulen på saklista.

Ordføraren kom med framlegg om at PS 54/16 vert handsama i starten av møtet og at PS 46/16 vert handsama før PS 45/16.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmannen, Arild Iversen, Margrete Bjerkvik, Odd A. Folkestad, Gunnar Strøm og ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 44/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte, 01.03.2016, vart samrøystes godkjent.

OS 39/16 Trafikksituasjonar Gamlevegen

Handsaming:

Leiar for anlegg og drift, Malvin Kile, orienterte om trafikksituasjonen ved Gamlevegen og Seljebakken. Parkering i vegbana fører til vanskar for brøyting og utrykkingskøyretøy. Teknisk sektor vil sjå på saka og fremje ny skiltplan.

PS 46/16 Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av Volda kommune sitt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Handsaming:

Planleggar Regine Solberg Aklestad, orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 15.03.2016

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert *Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028* lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

PS 53/16 STYRK arbeid - ny bil

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve 350.000,- til bil for STYRK arbeid. Løyvinga vert å finansiere ved bruk av ubundet investeringsfond.

Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet, han har arbeidsplassen sin ved Styrk arbeid og har levert kravspesifikasjonen til saka. Jf. fvl. § 6, kl § 40 nr. 3 a. Odd Harald Sundal tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Vara Øyvind Festøy tok sete.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Saka vert å vurdere i samband med budsjettet for 2017.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilråding frå administrasjonen og framlegget frå Odd A. Folkestad. Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken. Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å løyve 350.000,- til bil for STYRK arbeid. Løyvinga vert å finansiere ved bruk av ubundet investeringsfond.

Øyvind Festøy gjekk og Odd Harald Sundal tok sete.

PS 45/16 Planid 2012007- Detaljregulering- B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegnar datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.*

Handsaming:

Saka vart sendt på nytt til formannskapet 14.03.2016, med eit tillegg (nytt pkt. 2) i administrasjonen si tilrådinga:

Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.

Planleggar Heidi Istad, orienterte om planarbeidet.

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

Kommunestyret skal ha befarings i området før vedtak.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, inkl. nytt pkt. 2 og framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

- 1. Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegner datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.*
- 3. Kommunestyret skal ha befarung i området før vedtak.*

PS 47/16 Lerkane - Godkjenning av avtale

Administrasjonen si tilråding:

- Formannskapet godkjenner avtale med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 om areal til utviding av Lerkane, jfr. vedlegg 2 i denne saka.
- Formannskapet vil for sin del også godkjenne følgjande påteikning på festekontrakt for gnr. 19 bnr. 433:
"I samband med at vegområdet ved utbygging av Lerkane har kome inn på festetomt gnr. 19 bnr 433 utover det reguleringsplanen legg opp til, er partane samde om at medgått vegareal, samla om lagm² ikkje skal kome til fråtrekk ved verdsetting av tomta ved evt. framtidig overdraging av tomta."

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 15.03.2016:

- 1. Formannskapet godkjenner avtale med eigarane av gnr. 19 bnr. 2 om areal til utviding av Lerkane, jfr. vedlegg 2 i denne saka.**
- 2. Formannskapet vil for sin del også godkjenne følgjande påteikning på festekontrakt for gnr. 19 bnr. 433:**
"I samband med at vegområdet ved utbygging av Lerkane har kome inn på festetomt gnr. 19 bnr 433 utover det reguleringsplanen legg opp til, er partane

samde om at medgått vegareal, samla om lagm² ikkje skal kome til fråtrekk ved verdsetting av tomta ved evt. framtidig overdraging av tomta.”

PS 48/16 Gbr 20/89 - kjøp av tilleggsareal til gbr 20/82

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Alfhild og Olav Kriken får kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 20 bnr. 89 i samsvar med søknad av 08.12.15, under føresetnad at det ikkje kjem merknader i samband med frådelingssøknad, jfr. punkt 2.*
- 2. Den nøyaktige storleiken på areala vert bestemt ved kart- og delingsforretning.*
- 3. Prisen for arealet vert sett til kr. 435,- pr. m², og denne skal justerast for endringa i konsumprisindeksen frå 01.01.2016 fram til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.*
- 4. Kjøpar må bere alle kostnader med arealoverdraginga.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 15.03.2016:

- 1. Alfhild og Olav Kriken får kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 20 bnr. 89 i samsvar med søknad av 08.12.15, under føresetnad at det ikkje kjem merknader i samband med frådelingssøknad, jfr. punkt 2.*
- 2. Den nøyaktige storleiken på areala vert bestemt ved kart- og delingsforretning.*
- 3. Prisen for arealet vert sett til kr. 435,- pr. m², og denne skal justerast for endringa i konsumprisindeksen frå 01.01.2016 fram til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.*
- 4. Kjøpar må bere alle kostnader med arealoverdraginga.*

PS 49/16 Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2015

Administrasjonen si tilråding:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2015 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2015 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.

PS 50/16 Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar 2015

Administrasjonen si tilråding:

Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 5.000.000 -, med tillegg av 10%, med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 22.02.2016.

Låneramma og garantiane vert fordelt slik:

- *Lån kr. 3.250.000,- med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år.*
- *Lån kr. 1.750.000,- med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år.*

Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 5.000.000 -, med tillegg av 10%, med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 22.02.2016.

Låneramma og garantiane vert fordelt slik:

- *Lån kr. 3.250.000,- med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år.*
- *Lån kr. 1.750.000,- med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år.*

Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.

PS 51/16 VTI fotball- Samanslåing av 2 garantiar

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 10 000 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- A. Garantien er ein simpel kausjon.*
- B. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 30 år.*
- C. Garantien erstattar noverande garanti på 13 mill kr, vedtatt av Kommunestyret i PS 113/13.*

- 2. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 1.665.000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- D. Garantien er ein simpel kausjon.*
- E. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 10 år.*
- F. Garantien erstattar noverande garanti på kr 2.830.000, vedtatt av Kommunestyret 19. desember 2006.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

- 1. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 10 000 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- A. Garantien er ein simpel kausjon.*
- B. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 30 år.*

C. Garantien erstattar noverande garanti på 13 mill kr, vedtatt av Kommunestyret i PS 113/13.

D. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 1.665.000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

E. Garantien er ein simpel kausjon.

F. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 10 år.

G. Garantien erstattar noverande garanti på kr 2.830.000, vedtatt av Kommunestyret 19. desember 2006.

PS 52/16 Klage på vedtak - avslag om fritak frå eigedomsskatt, Studentsamskipnaden

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som gir grunn til endra konklusjon i saka. Kommunestyret held såleis fast på vedtak i sak PS 6/16 og gir ikkje fritak for eigedomsskatt til Studentsamskipnaden for Sunnmøre.

Handsaming:

Sølvi Dimmen, Sp, og Gunnar Strøm, Sv, kom med slikt framlegg:

Kommunestyret kjem klagen i møte. Vi viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Dimmen og Strøm. Framlegget frå administrasjonen fekk fire røyster og fall. Framlegget frå Dimmen og Strøm fekk fem røyster (Gunnar Strøm, Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Fride Sortehaug og Jørgen Amdam) og vart vedteke.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret kjem klagen i møte. Vi viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

PS 54/16 Finansrapport 2015 (passiva)

Administrasjonen si tilråding:

Finansrapport 2015 (passiva) vert teken til vitende.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Finansrapport 2015 (passiva) vert teken til vitende.

PS 55/16 Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Arbeidsgruppa vert organisert med fem personar som fylgjer:

I frå Høgre, Sindre Rotevatn

I frå SP, Rebecca Bjercknes, leiar i driftsstyret

I frå A, Jørgen Amdam, ordførar

I frå Venstre, Fride Sortehaug

I frå SV, Gunnar Strøm

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 15.03.2016

Arbeidsgruppa vert organisert med fem personar som fylgjer:

1 frå Høgre, Sindre Rotevatn

1 frå SP, Rebecca Bjerknes, leiar i driftsstyret

1 frå A, Jørgen Amdam, ordførar

1 frå Venstre, Fride Sortehaug

1 frå SV, Gunnar Strøm

PS 57/16 Prioritering av investeringsmidlar til ny gravemaskin til vatn og avløps arbeid

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet godkjenner å prioritere kjøp av 7 tonns gravemaskin innanfor godkjent investeringsramme for avløp med kr 1 250 000 inkl mva.*
- 2. Investeringa vert fordelt med kr 625.000,- frå Investeringar Vatn og kr 625.000,- frå Investeringar Avløp.*

Handsaming:

Saka vart sendt til formannskapet 14.03.2016.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 15.03.2016:

- 1. Formannskapet godkjenner å prioritere kjøp av 7 tonns gravemaskin innanfor godkjent investeringsramme for avløp med kr 1 250 000 inkl mva.*
- 2. Investeringa vert fordelt med kr 625.000,- frå Investeringar Vatn og kr 625.000,- frå Investeringar Avløp.*

PS 56/16 Orienteringssaker

OS 32/16 Kommunereform

Handsaming:

Ordføreren orienterte om saka. Volda kommune og Ørsta kommune har signert intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta. Intensjonsavtalen vart utdelt på møtet. Formannskapet drøfta saka.

OS 33/16 Krav om betre reservemateriell på strekninga Volda-Folkestad

OS 42/16 Busetjing av einsleg mindreårig flyktning

Handsaming:

Nina Kvalen, innvandring og integrering, orienterte formannskapet om ein einsleg mindreårig flyktning som ynskjer å busetje seg i Volda saman med eit nært familiemedlem. Formannskapet gav tilslutning til dette.

OS 34/16 Pressemelding arbeidsmarknaden februar 2016

OS 35/16 Presentasjon frå KomUt-samling - samhandlingsreform og pasientjournalssystem

OS 36/16 Oversending av signert fullmakt knytta til nytt felles pasientjournalssystem mellom sjukehus, kommunar og fastlegar

Rådmannen orienterte om saka.

OS 37/16 Kulturtilskot 2016 - treårig driftstilskot til regionale kulturorganisasjonar og -institusjonar - Dei Nynorske Festspela

OS 38/16 Tilskot til veg, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg saman

OS 40/16 Mork skule - inneklima

Rådmannen orienterte om saka. Det har vore gjort tiltak i høve fuktproblem på Mork skule. Inneklimamålingar viser at inneklimaet er forsvarleg.

OS 41/16 Stedfortreder for rådmannen

Rådmannen orienterte om at rådgjevar Asbjørn Moltudal, vert stedfortreder for rådmannen, og at han får ein rimeleg kompensasjon for dette.

OS 43/16 Rassikring Fv 40 Lauvstad-Folkestad

Arild Iversen orienterte om tidlegare arbeid i høve rassikring på fv. 40, strekninga Lauvstad-Folkestad. Møre og Romsdal fylkeskommune har midlar til rasførebygging, som Volda kommune kan søke på. Formannskapet drøfta saka og var samde om at saka bør fremjast for kommunestyret 31. mars.

OS 44/16 Invitasjon frå Eid kommune

Margrete Bjerkvik viste til invitasjon frå Eid kommune til formannskapet og bad om informasjon i høve saka. Ordføraren informerte om at invitasjonen i hovudsak omhandla sjukehussaka. Formannskapet var samde om at ein skal bør takke ja til invitasjonen frå Eid kommune.

OS 45/16 Parkering ved høgskulen og sjukehuset

Gunnar Strøm viste til mangel på parkeringsplassar ved høgskulen og sjukehuset. Parkeringsutfordringane bør sjåast i samheng med reguleringsplan for Voldatunellen, til dømes ved å lage parkeringskjellar i fjellet. Ordføraren vil arbeide vidare med saka.

OS 46/16 Venterom ved ferjekaia på Folkestad

Odd A. Folkestad orienterte om venterom ved Folkestad ferjekai. Statens vegvesen har sagt opp leigeavtalen og driftsavtalen med eigar av venteromet. Volda kommune vil ta initiativ ovanfor Statens vegvesen, slik at ein framleis kan tilby venterom for reisande på Folkestad.

OS 47/16 Notat om eventuelt makebyte, gbr 19/937

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr. 5. og offl. § 23, 1. ledd.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast.

Rådgjevar Per Ernst Lundberg orienterte om saka. Formannskapet tok notatet til orientering.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast.

Møtet slutt kl. 16:15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
16.03.2016

Sonja Håvik
konsulent